

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 05.06.2008 **Tid:** 08.00 – 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef og ass.adm.sjef. Leiar av teknisk eining var med under skriv og meldingar og under sakene 35 – 40 og sak 42. Økonomisjef var med i sakene 34 og 36, og personalsjef var med under handsaming av sak 34/08.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. juni 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Øyvind Røen etterlyste utbetaling av partistøtta.

Det vart bestemt at partistøtta skulle utbetalast straks. For framtida skal den utbetalast seinast innan utgangen av første kvartal.

Han stilte og spørsmål om utsending av vedlegg til sakene og saker (primært vedlegga) som er unnateke off. innsyn til varamedlemmer.

Administrasjonen er kjend med at det har vore reaksjonar på manglande vedlegg til varamedlemmer i adm.utvalet i sak om organisasjonsgjennomgangen. Administrasjonen har vurdert dette arbeidet som eit prosjektarbeid, og ein del av materiellet som vert sendt ut er lite gjennomarbeidd, og det vil ikkje vera egna til å stå for seg sjølv utan ei munnleg framstilling som vert gitt i møte. Derfor vert desse papira berre sendt medlemmane. Det bør gjerne markerast tydlegare i sakspapira som også varamedlemmane får. Sjølv om alle politikarar er underlagt teieplikt, er det i ein del saker ein føremon at berre dei som er med å fatta vedtak er kjend med ein del informasjon. I ein skilde høve vil det vera aktuelt å levera ut dokumenta i sjølve møtet, og samla dei inn att når vedtak er fatta.

Marion L Pedersen ba om informasjon om den aktiviteten som skjer på kaia i Rolvsvåg. Ho ba om informasjon om kva inntekter kommunen får, om det oppførte bygget er i tråd med gitt løyve og om bæreevna på kaia toler den aktiviteten som skjer.

Leiaren av teknisk eining orienterte om avtalene kommunen har med Os Skog. Ikkje alt er på plass, noko er fortsett munnleg. I botn ligg der ein avtale om betaling pr. m³ utskipa tømmer. Bygningen er ført opp i samvar med søknad. Etter avtalen skal tømmeret berre lagrast i kort tid på sjølve kaia. Så langt me veit er dimensjonen på kaia slik at den skal tola dei lastane som er avtala.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Veg til Fitjavatnet – notat vart utsendt og diskutert. Administrasjonen arbeider vidare med saka ut frå innhaldet i notatet.
- Rehabilitering av kommunehuset. Utsendt notat vart drøfta. Administrasjonen vert bedt om å arbeida fram alternative lokalisering av kommunehuset. Når dette er gjort, vil saka verta handsama formelt.
- Budsjettprosessen – medverknad/informasjon til politikarar Jmf. spørsmål frå Sture Tveit. Utvalet drøfta spørsmålet og innspelet frå Sture Tveit om medverknad i budsjettprosessen. Utvalet ynskjer å vidareføra budsjettprosessen og økonomiplanarbeidet slik me praktiserer det i dag og slik det er nedfelt i gjeldande delegasjonsreglement.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0034/08	08/00159 KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 - DISPONERING AV OVERSKOT/BUDSJETTJUSTERINGAR
0035/08	08/00277 PROSAM - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET
0036/08	08/00240 FINANSIERING VA-ANLEGG OG MILJØGATA YTRE TYSSE.
0037/08	08/00074 VEGEN TIL TOTRÆNA VINTERPARK.
0038/08	05/00269 STRAKSTILTAK KOMMUNALE VEGAR
0039/08	08/00253 TILKOPLING AV PRIVATE VASSVERK.
0040/08	08/00270 AVLØP - ÅDLAND.
0041/08	03/00020 FORLENING AV AVTALE OM REVISJON
0042/08	08/00260 PRESTEBUSTADEN PÅ HAGA.

0034/08

KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 - DISPONERING AV OVERSKOT/BUDSJETTJUSTERINGAR

Handsaming i møte:

Administrasjonen gjekk igjennom den økonomiske situasjonen med utgangspunkt i lønsoppgjøret og kommuneøkonomiproposisjonen. Ein del av opplysningane i saksutgreiinga er feil. Det mest vesentlege er at lønsoppgjøret vil kosta Samnanger kommune enda meir både i 2008 og i 2009 enn det som er opplyst her.

Personal- og økonomiutvalet gjer framlegg om bruk av disposisjonsfondet til å få budsjettet for 2008 i balanse. Ut frå dei økonomiske utsiktene for 2009, var det semje om at resterande sum i hovudsak vert ståande på fondet. (Sjå seinare saker).

Utvalet fatta ei samrøystes tilråding til kommunestyret om endringar av budsjettet for 2008.

Vedtak:

Budsjettet for 2008 vert endra som fylgjer

konto nr.	utgift opp	finansiering
lønn og pensjon, 1.1200.1800.4910	2 100 000	
renter	330 000	
seniortiltak 1.1200.1800.-2902	50 000	
Rv 7 1.1400.3251.1950	10 000	
Bruk av disp.fond		2 490 000
Sum	2 490 000	2 490 000

0035/08

PROSAM - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg: "Samnanger kommune løyver kr. 300.000 til ProSam. Kr. 40.000 vert å omdisponera til ubrukte midlar frå BNU. Kr. 260.000 vert å ta frå næringsfondet."

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 300.000 til ProSam. Kr. 40.000 vert å omdisponera til ubrukte midlar frå BNU. Kr. 260.000 vert å ta frå næringsfondet.

0036/08

FINANSIERING VA-ANLEGG OG MILJØGATA YTRE TYSSE.

Handsaming i møte:

Øyvind Røen sette fram følgjande fellesframlegg: ”Samnanger kommune finansierer investeringar til VA-prosjektet og tettstadprosjektet på Ytre Tysse med eit låneopptak på inntil 12 millionar kroner i tillegg til bruk av fond og tilskot slik det ligg føre i saksutgreiinga.” Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune finansierer investeringar til VA-prosjektet og tettstadprosjektet på Ytre Tysse med eit låneopptak på inntil 12 millionar kroner og nyttar næringsfondet til å finansiera forskottering av vegrelaterte kostnader på inntil 5 millionar kronar.

0037/08

VEGEN TIL TOTRÆNA VINTERPARK.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune har i dag ikkje midlar som kan omdisponerast til opprusting av privat veg til Totræna Vinterpark. Kommunale midlar til dette anlegget må vurderast i samband med kulturplanen der ulike tiltak også innan idrett må sjåast i samanheng. Eventuelle midlar til tiltaket må innarbeidast i økonomiplanen.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande fellesframlegg:” Samnanger kommune løyver kr. 100.000,-. Til vedlikehald/opprusting av vegen til Totræna. Pengane vert løyvd frå disposisjonsfondet.”

Det vart røysta alternativt over tilrådinga og framlegget frå Gåsdal. Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 100.000,-. Til vedlikehald/opprusting av vegen til Totræna. Pengane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

0038/08

STRAKSTILTAK KOMMUNALE VEGAR

Handsaming i møte:

Vidar Roland sette fram følgjande fellesframlegg:” Samnanger kommune løyver kr. 160.000 til nytt dekke på Liavegen. Summen blir teken frå disposisjonsfondet.”

Det vart røysta over fellesframlegget, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 160.000 til nytt dekke på Liavegen. Summen blir teken frå disposisjonsfondet

0039/08

TILKOPLING AV PRIVATE VASSVERK.

Framlegg til vedtak::

Teknisk eining får fullmakt til å gå i forhandlingar med private vassverk, med tanke på at kommunen skal overta desse. Anlegga kan overtakast utan tilkoplingsavgift dersom dei er i ein slik tilstand og ligg slik til at eininga kan løysa dette innafor eige budsjett.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Teknisk eining får fullmakt til å gå i forhandlingar med private vassverk, med tanke på at kommunen skal overta desse. Anlegga kan overtakast utan tilkoplingsavgift dersom dei er i ein slik tilstand og ligg slik til at eininga kan løysa dette innafor eige budsjett.

0040/08

AVLØP - ÅDLAND.

Framlegg til vedtak::

Teknisk eining får fullmakt til å etablere eit avløpsanlegg på Ådland for tilkopling av dei bustadeiningane som i denne omgang kan koplust til anlegget - føresett at dette ikkje medfører auka årlege avgifter.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Teknisk eining får fullmakt til å etablera eit avløpsanlegg på Ådland for tilkopling av dei bustadeiningane som i denne omgang kan koplust til anlegget - føresett at dette ikkje medfører auka årlege avgifter.

0041/08

FORLENGING AV AVTALE OM REVISJON**Handsaming i møte:**

Brigt Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg til vedtak:

Avtalen med BDO Noraudit om revisjonstenester med Samnanger kommune vert lenga til å gjelda rekneskapsåra 2008 og 2009.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Avtalen med BDO Noraudit om revisjonstenester med Samnanger kommune vert lenga til å gjelda rekneskapsåra 2008 og 2009.

0042/08

PRESTEBUSTADEN PÅ HAGA.**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram til drøfting. Evt. gjennomføring av tiltaket må innarbeidast i økonomiplanen.

Handsaming i møte:

Ordføraren ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka. Utvalet slutta seg samrøystes til dette. Ordføraren tok ikkje del i handsaminga, Varaordførar leia møtet.

Brigt Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg til vedtak:

Kommunen planlegg å byggja ny prestebustad på eksisterande tomt. Administrasjonen legg fram ei sak med planar for romprogram m.m. Det vert sett ned ei byggjenemnd for arbeidet.

Vedtak:

Kommunen planlegg å byggja ny prestebustad på eksisterande tomt. Administrasjonen legg fram ei sak med planar for romprogram m.m. Det vert sett ned ei byggjenemnd for arbeidet.